



Elevrådet samla til litt kos etter alt arbeidet med kantine no sist fredag.

Gratisprinsippet står sterkt i skulen. Det er eit viktig og rett prinsipp, men det set begrensingar som ein ikkje har vore bunde av før. Dette gjer at det er vanskeleg å halda fram med kantinedrift i den form at elevane har med pengar og kjøper mat på skulen. Saka om kantinedrift er sak på neste FAU møte.



[Helene og Kristiane vil ha meir kantine på skulen.](#)

På spørsmål frå Uskedalen.no om gratisprinsippet og kantine, fortel rektor Lilli Britt Urheim at Elevrådet har litt pengar på sin konto. Dette gjer at det var råd å få til kantine no sist fredag. Elins Matgleder vil sponsa neste kantine som skal vera dagen før vinterferien. Rektor opplever stor velvilje frå foreldre og andre for å støtta opp om tiltak på skulen etter at gratisprinsippet vart innført. Det gjeld mellom anna Helselaget og Kvinnherad Vekstbedrift si støtte med buss til Tinstafetten og pengepremie til dei klassane som fekk mest poeng på trimkorta.

Helselaget har også laga flotte fruktfat til elevane på den årlege skulejoggen. Frå 17. mai komiteen har skulen dei to siste åra fått støtte til skidag i Fjellhaugen.

Rektor Lilli Britt Urheim, understrekar at gratisprinsippet ligg fast slik det er formulert i sentrale skriv. I skulen skal alle vera like med dei same mulighetene uansett økonomi. Det som kan vera ein liten sum for nokre, er ikkje det for andre. Slik er kvardagen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Lilli Britt Urheim



Celine og Emma frå 7. klasse nyt maten som vart servert i kantinen på fredag.